



Notat

Dato: 25.04.2016
Arkivsak: 2015/9956-5
Saksbehandlar: helmoe_

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Prosjekt Bryggen i 2016

Prosjekt Bryggen er eit langsiktig istandsettingsprogram som skal bidra til sikring og istandsetting av verdsarvstaden Bryggen. Frå 2010 har Hordaland fylkeskommune hatt ansvar for å fordele delar av midlane til istandsetting, sikring og nokre fellesoppgåver. I sak 56/13 vedtok Fylkesutvalet retningslinjer for tilskot, og ga fylkesrådmannen fullmakt til å fordele tilskot til tiltak i ordninga.

Dei pågåande istandsettingstiltaka

Bygning 1-2a og 2a i Bredsgården

Tiltakshavar og prosjekterande part for dette istandsettingstiltaket er Stiftelsen Bryggen. Tiltakshavar gjennomførte i 2015 forprosjekt og deretter forundersøkingar for ei istandsetting av bygningane.

Gjennomføringa av desse undersøkingane har vore rydding og god. Istandsettinga av bygningane starta våren 2016.

Tilskotet i 2016 skal brukast til dokumentasjon, oppjekking av bygningane og istandsettinga av bolverk og fundament.

Bygning Ba og Bb i Bugården

Istandsettinga av bygningane Ba og Bb i Bugården starta i 2013, og vart ferdigstilt vinteren/våren 2016. Det står att å skrive sluttrapport for istandsettinga. Stiftelsen Bryggen er tiltakshavar og prosjekterande part. Det har vore god styring og framdrift i istandsettinga.

Det er frå før løyvd nokre midlar som førehandstilsegn for 2016. Førehandstilsegnet skal brukast på å utarbeide sluttrapport for istandsettinga.

Bygning 7d i Bellgården

Istandsettinga av bygning 7d i Bellgården blei starta våren 2011, med Bellgården AS som tiltakshavar og Gamle3Hus As som prosjekterande part. Istandsettinga er svært forseinka, men det er lite arbeid som står att. Tiltakshavar fekk tilskot til ferdigstilling i 2015, men har søkt om nye midlar for 2016. For 2016 er det berre gitt tilskot til arbeid med sprinklaranlegg på bygningen, då tiltaket har blitt svært mykje dyrare enn opphavleg opplyst frå tiltakshavar, og er gitt tilskot til ferdigstilling av arbeidet.

For 2015 søkte tiltakshavar om tilskot for å dekke forbruk ut over tilsegn i perioden 2011 – 2013. Dette fekk avslag frå Hordaland fylkeskommune, noko som vart påklaga av søkjar. Fylkeskommunen fekk hausten 2015 medhald frå Riksantikvaren i saka.

Bygning 4a – 4d og 5a – 5c i Svensgården

I Svensgården har sju bygningar vore under istandsetting sidan 2007, desse bygningane er eigd av Olav Thon Gruppen og er forvalta av Vats AS, som er tiltakshavar for istandsettingstiltaket. Tre bygningar er tidlagera ferdigstilt i «fase 2, istandsetting uansett bruk». Ein fjerde bygning er så nær som ferdigstilt i «fase 2», men dei siste arbeida må ein vente med til nabobygningen 5a er ferdigstilt.

Det står att tre bygningar i dette delprosjektet, to av desse er frontbygningar (4a og 5a). For desse to bygningane leverte tiltakshavar i 2015 eit forprosjekt for istandsetting, og har vinteren 2016 levert ein revidert framdriftsplan og kalkyle for istandsettinga. Ei istandsetting av bygning 5c er ikkje starta.

Det er frå før løyvd 1,4 millionar kroner som førehandstilsegn for 2016.

Fordeling av tilskot i 2016

Dei årlege statlege løyingane har variert noko. Total ramme til fordeling til tiltak som gjeld istandsetting, sikring og fellesoppgåver i 2016 er ca. 16,5 millionar kroner, inklusive overførte midlar frå 2015.

For 2016 var det totalt søkt om ca. 22,8 millionar kroner i tilskot. Vedlagt er tabellar som viser tilskot og overføring av midlar frå 2015, samt søknadsbeløp og fordeling av tilskot i 2016.

Hovuddelen av tilskotsmidlane i 2016 er fordelt til istandsettingstiltak. Som tidlegare år er det i tillegg gitt tilskot til materialbanken, til felles brannsikringstiltak og til felles driftsoppgåver. Vidare er det gitt tilskot til eit reparasjonsarbeid på ein av bygningane.

I tillegg til tilskotet for 2016 er det fordelt 2 millionar kroner som førehandstilsegn for 2017, fordelt på dei to istandsettingstiltaka i Svensgården og Bredsgården.

Vedlegg:

- Fordeling av tilskot 2016
- Tilskot og overførte midlar i 2015